

TYSSO KRAFTVERK. Konsesjonssøknad.

Merknader: for Gr.68. br. 28.

Generelt.

I dei skissert planane for Tysso Kraftverk er trase for røyrgate tenkt plassert i eksisterande tilkomstveg, og med få meter avstand til bustadhús og teknisk bygg for drikkevatn. Ei røyrgate for kraftproduksjon, plassert så nær opp til bustadhús, må seiast og vera svært spesielt. Så langt ein forstår har utbyggjar varslede ureigning av denne løysinga. Under føresetnad av at utbygging vil bli gjennomført slik planen visar, er løysinga for bustaden og eigedom elles omfattande og negativ. Dette gjeld mellom anna, sikkerheit, framtidig bruksutnytting, ytre miljø og marknadsverdi. Ein anmodar på det sterke, og forventar at det i konsesjon handsaminga, vert stilt krav til utbyggjar om tiltak som reduserar skadeverknader i vesentleg grad, både på kort og lengre sikt. Det er viktig at det i ein eventuell fase med utarbeidning av detaljplan, vert lagt stor vekt på dialog med serskilt råka eigedom.

Serskilte merknad :

Skisseplan visar at trase for røyrgate vil råka elektrisk installasjon, privat grunnvass brønn med installasjoner. Brønnen er ein fjellbrønn som forsyner eigedommane 68.28, og mellom anna ein einebustad . Vass leidning og fordelings kum. Avløpsanlegg med fordeling kum , slamavskiljar og anlegg for grunnvatn og overflate vatn . Veg med fylling, parkeringsplass og hageanlegg.

Dersom konsesjonssøkjær vel tvangs- innløysing av felles veg, skal vegen etter utbygging ha asfaltdekke 11-22 /.160 kg pr m<sup>2</sup>. Vegen skal ha 10 tonn akseltrykk og vera heilårsveg for køyretøy.

Dersom anlegget ikkje vert bygd skal planlagde røyrgate ikkje vera til hinder for framtidig utnytting eller påverka marknadsverdi til eigedomen.

Ein eventuell utbygging av det konsesjonssøkte anlegget vil medføra behov for innleige av fagleg hjelp. Slik hjelp må nyttast i detalj planfasen og etter avslutta anleggsperiode. Alle kostnader ved dette skal dekast fullt ut av konsesjonssøkjær.

Hydle/ Dekkene. 12.06.15

KJETIL HELLAND